

# Omstillingskommune Sauda

## Handlingsplan 2017



# SAUDA: OMSTILLING

## Innhald





---

1. Bakgrunn .....	3
2. Innleiing.....	3
2.1 Planverk.....	3
2.2 Samfunnsutfordringar .....	3
3. Visjon og hovudmål.....	4
4. Status viktige indikatorar .....	4
5. Innsatsområder med målsettingar .....	5
5.1 Vekst i eksisterande næringsliv .....	5
3.2 Handel og reiseliv .....	6
3.3 Datasenter og annan grøn kraftkrevande industri.....	6
3.4 Ka Ittepå .....	7
6. Budsjett 2017 .....	7

# 1. Bakgrunn

Sauda har hatt status som omstillingskommune sidan 2013.

Ihht Innovasjon Norge sin rettleiar for regional omstilling er Sauda inne i gjennomføringsfasen ([www.regionalomstilling.no](http://www.regionalomstilling.no))

<p><b>1. Avklaringsfasen</b></p>  <p>Fylkeskommunen utarbeider en samfunnsmessig konsekvensanalyse for området som skal søke omstillingsstatus.</p>	<p><b>2. Strategi- og forankringsfasen</b></p>  <p>Basert på en utviklingsanalyse for området lages forslag til omstillingsplan og handlingsplan for første gjennomføringsår.</p>
<p><b>3. Gjennomføringsfasen</b></p>  <p>I denne fasen skal årlige handlingsplaner iverksettes for å realisere den vedtatte omstillingsplanen.</p>	<p><b>4. Avslutningsfasen</b></p>  <p>Omstillingsperioden avsluttes og området skal drive utviklingsarbeid uten ekstra midler fra fylkeskommunen.</p>

Finansiering av omstillingsarbeidet skjer etter vedtak i Regional- og kulturutvalget i Rogaland fylkeskommune kvart år. For 2017 er Sauda tildelt kr. 2 millionar til regionalt omstillingsarbeid.

## 2. Innleiing

### 2.1 Planverk

Arbeidet til Sauda omstilling bygger på ståstads- og mulighetsstudien som blei utarbeidd i 2013. Heile rapporten kan lastas ned [her](#).

Basert på denne studien blei det utarbeidd ein omstillingsplan som seinare er revidert og vedtatt politisk kvart år. Omstillingsarbeidet har peikt på behov for ein samla strategisk plan for utviklingsarbeidet i Sauda, og ein strategisk næringsplan er derfor under utarbeiding. Dette vil vera det styrande strategidokumentet for næringsutvikling framover, og det vert derfor ikkje gjort ny revisjon av omstillingsplanen for 2017.

### 2.2 Samfunnsutfordringar

Omstillingsarbeidet har bakgrunn i følgande hovudutfordringar:

- Ei langsiktig negativ befolkningsutvikling. Reduksjon på om lag 300 personar pr. tiår sidan 60-talet.
- Ei dreining frå private til offentlege arbeidsplassar, og dei seinare åra ein kraftig reduksjon i arbeidsplassar.
- Ein for ein-sidedig næringsstruktur.

Arbeidet er innretta for å motverka desse utfordringane, og snu det til ei positiv utvikling.

### 3. Visjon og hovudmål

Følgande visjon og hovudmål har vore styrande for arbeidet sidan starten:

**Visjon: Fleire i Sauda!**  
**Mål: 5000+ innbyggjarar**



Visjonen seier at omstillingsarbeidet skal bidra til fleire menneske i Sauda. Fordi mennesker skaper stader. Og når mennesker møtes skjer det utvikling.

Me ønsker fleire fastbuande, turistar, arbeidsplassar og bedrifter.

Målet om 5000 innbyggjarar er sett fordi befolkningsutvikling er den beste enkeltindikatoren på stadsutvikling. Og for å lukkas med vekst må ein få til næringsutvikling.



Antakeleg har Sauda meir behov for å driva omstillings- og utviklingsarbeid enn nokon gong.

### 4. Status viktige indikatorar



## SAUDA: OMSTILLING

### Verksemder i Sauda med 1 eller fleire tilsette



## 5. Innsatsområder med målsettingar

For 2017 skal omstillingsarbeidet konsentrerast om følgende 3 innsatsområder:

**Utvikling i eksisterande næringsliv**

**Handel og reiseliv**

**Grønn kraftkrevande industri**

*I Strategisk næringsplan for Sauda, som p.t. er under utarbeiding, er mål og måleindikatorar for på kort og lengre sikt for kvart innsatsområde definert. Målsettingar i denne handlingsplanen skal støtta opp om måla i den strategiske planen.*

### 5.1 Vekst i eksisterande næringsliv

Det er størst sjans for varig arbeidsplassutvikling gjennom vekst i eksisterande næringsliv. Sauda har mange små- og mellomstore bedrifter, ofte solide og veletablerte. Ved å støtta og leggja til rette for utviklingsprosjekter i eksisterande næringsliv kan potensial for vekst realiserast.

## SAUDA: OMSTILLING

**Mål 2017:** Vekst i arbeidsplassar samanlikna med 2016

### Planlagde aktivitetar i 2017

- Samarbeidsprosjekt med Sauda Vekst AS (Arbeidsplasser i Sauda)
- Gjennomføring av Innovasjon Noreg sitt program "SMB utvikling"
- Identifisera, følgja opp og gi støtte til aktuelle bedriftsutviklingsprosjekt ("scale ups")

## 3.2 Handel og reiseliv

Sauda har betydeleg potensial for vekst innan besøksnæringar. Nye attraksjonar gir auka merksemd i markedet, og potensial for vekst i verdiskaping og arbeidsplassar. Sauda har fortrinn ved å ha komplementære tilbod sommar/vinter, eit tydeleg sentrum, tilbod til familiar og spissprodukt innan arkitektur.

**Mål 2017:** Fleire besøkande og auka verdiskaping innan handel og reiseliv målt i besøkstal i skisenter, sentrumsbadet og overnattingsdøgn. Mål om auke frå 2016.

### Planlagde aktivitetar i 2017

- Bidra i prosjekt med formål om vekst og utvikling i sentrum, i samarbeid med Sauda sentrumsutvikling
- Identifisera og følgja opp konkrete bedriftsutviklingsprosjekt i handel/reiseliv
- Invitera aktuelle aktørar til konkrete verdiskapingsprosjekt relatert til Allmannajuvet / Nasjonal turistveg (koordinering med regionalt prosjekt i Ryfylke)
- Samordning av plan og struktur for reiselivsutvikling (Avklara behov i Svandal, sentrum etc.)
- Vurdera kompetanseutviklingstiltak for handels- og servicenæringa (Innovasjon Noreg-program er aktuelt)

## 3.3 Datasenter og annan grøn kraftkrevande industri

Sauda har konkurransefortrinn pga stor tilgang på kraft og industriareal nært sentralnettet. Store konsumentar har også ein kostnadsfordel her, samanlikna med andre regionar. Datasenter er den industrien med størst vekst globalt, og trer fram som eit satsingsområde også i Norge. Bransjen genererer mange arbeidsplassar direkte, og via leverandørar.

Mål på sikt er etablering av datasenter og/eller annan grøn kraftkrevande industri i Sauda.

**Mål 2017:** Utvikla konsept og prospekt for lokalisering av datasenter i Sauda.

Konkret plan for nye, store næringsareal som er egna for kraftkrevande industri (vedtatt i planprogram for ny kommuneplan for Sauda)

## SAUDA: OMSTILLING

### Planlagde aktivitetar i 2017

- Utvikling av prospekt for etablering av datasenter i Sauda
- Påtrykk for tilrettelegging og utvikling av nye næringsareal
- Aktiv deltaking i regionale prosessar for å fremma etablering av internasjonal fiberkabel og etablering av datasenter i regionen
- Ta initiativ til nye lokale/regionale partnerskap for innovasjon og næringsutvikling basert på "grøn" energi (Sauda fjernvarme m.fl.)

### 3.4 Ka Ittepå

Gjennomføring av "Ka ittepå"-prosjektet, her under ferdigstilling av strategisk næringsplan og etablering av ny organisering av næringsutviklingsapparatet i Sauda – inkludert kommunens rolle som utviklingsaktør.

Dette arbeidet held fram i 2017.

## 6. Budsjett 2017

Aktivitet	Sauda omstilling	Annan finansiering	SUM 2016
Vekst i eksisterande næringsliv	1.000.000	500.000	1.500.000
Handel og reiseliv	250.000	150.000	400.000
Datasenter / grøn kraftkrevande industri	250.000	250.000	500.000
Administrasjon, drift / uforutsette kostnader / Ka Ittepå-prosjektet	500.000	0	500.000
<b>SUM 2017</b>	<b>2.000.000</b>	<b>900.000</b>	<b>2.900.000</b>

Administrative ressursar til rådvelde for Sauda omstilling:

- Prosjektleder, Sauda kommune: ca 50% stilling
- Styreleder, Rogaland fylkeskommune: Ikkje definert
- Bruk av kommunens administrasjon "ad-hoc" (til gjennomføring av møter etc.)
- Innovasjon Noreg: Rådgjevar

Drift av omstillingsprogrammet, prosjekt- og prosessleing utover dette er basert på innleigde ressursar.